

Marit Eikefet

Fra: Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>
Sendt: 21. september 2017 15:06
Til: Marit Eikefet
Emne: Spørsmål til arealoverføring mellom gbnr 214/10 og 214/202
Vedlegg: Kart gbnr 214-10.pdf; Naboliste gbnr 214-10.pdf; Skjema deling, arealoverføring mm.pdf; garasje-bod-o.l.pdf

Til Marit Eikefet

Vi viser til din førespurnad i byggesaksvakta 19.09.2017 vedkomande overføring av del av gbnr 214/10 til gbnr 214/202.

Parsellen kan overførast til gbnr 214/202 ved søknad om arealoverføring. Ved arealoverføring vil eit areal kunne overførast mellom tilgrensande eigedomar utan at arealet blir oppretta som eigen eigedom. Søknaden må signerast av eigar av avgjevareigedomen gbnr 214/10 (Bjørge Rasmussen) og eigar av mottakareigedomen gbnr 214/202.

Bestemmelse om arv av parsellen gitt i testamente er reint privatrettsleg. Kommunen tar ikkje stilling til privatrettslege tilhøve.

Grunnkart
kommuneplan

Kartutsnitt med
Reguleringsplanen Stemmemyra


Vedlagt følger skjema for søknad om arealoverføring, kart og nabovarslings skjema.

Når det gjeld ditt spørsmål til søknadsplikt for riving og oppføring av ny garasje på parsellen viser vi til vedlagte informasjonsark om garasjar. Garasje vil slik han er plassert i dag også krevja dispensasjon frå reguleringsplanen for Stemmemyra då han er plassert i regulert vegareal. Kor vidt tiltaket vil krevja ytterlegare dispensasjonar må vurderast når ein veit meir konkret kva som blir omsøkt.

Vedlikehald av garasjen er ikkje søknadspliktig.

Med helsing

Anne Lise Molvik



Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no